



**Voss kommune**

## Startsamtale i barnehagen

|                           |                           |
|---------------------------|---------------------------|
| <b>Barnet sitt namn</b>   | <b>Fødselsdato</b>        |
|                           |                           |
| <b>Foreldre sitt namn</b> | <b>Foreldre sitt namn</b> |
|                           |                           |
| <b>Barnehage</b>          | <b>Avdeling</b>           |
|                           |                           |

|                             |  |
|-----------------------------|--|
| <b>Dato</b>                 |  |
| <b>Tilstade på samtalen</b> |  |
|                             |  |

### Informert om tema for samtalen:

- Den fyrste tida og barnet som person
- Familie og nettverk
- Kvardag og samspel i familien
- Helse
- Vald / overgrep
- Alkohol / rusmidlar
- Andre opplysningar
- Forventningar til barnehagen
- Korleis vert samtalen opplevd

## Den fyrste tida og barnet som person

Fortel om barnet...

- Kven er han/ho?
- Kva likar/ikkje likar han/ho?
- Kva er særlege kjenneteikn for barnet?
- Korleis er barnet sitt temperament?

Korleis har den fyrste tida vore? (fram til barnehagestart)

- Søvn, mat etc.?
- Korleis opplevde de som foreldre denne tida?

Var det noko spesielt rundt graviditet og fødsel som kan vera relevant for oss å vita om  
(Beskriv for foreldra kvifor og kva som kan vera relevant)

## Familie og nettverk

Kven er familien til barnet?

- Foreldre, sysken, skilt / sambuande

Kven er andre viktige personar for barnet?

- Nettverk

Kva gjer dei andre familiemedlemene på? (Jobb, skule etc.)

## Kvardag og samspel i familien

Korleis ser kvardagen ut hjå dykk?

Kva er viktig for dykk i samspelet i familien? Er det noko som er vanskeleg i samspelet i familien?

Kva er viktig for dykk i oppdraging av barn? Korleis set de grenser for barnet?

Er det noko vi bør vita om i høve til religion / kultur?

## Helse

Korleis er barnet si helse?

- Fysisk og psykisk

Korleis er foreldra si helse?

- Fysisk og psykisk

Har barnet vore vitne til eller sjølv opplevd skremmande hendingar?

- Til dømes brann, ulukke, alvorleg sjukdom

## Vald / overgrep

Har barnet opplevd episodar der det har blitt skadd eller redd?

- Situasjonar mellom vaksne?
- Valdelege situasjonar mot barnet? (klapsa, slått, trua?)
- Sysken har vore valdeleg seg imellom eller mot barnet?
- Har de nokon gang hatt mistanke om at barnet har vore utsett for seksuelle overgrep?
- Andre ting som er viktig for barnehagen å vita om?

## Alkohol / rusmiddel

- Korleis er dykkar tilhøve til alkohol og rusmiddel?
- Har de eller andre i barnet sitt nære nettverk hatt eller har vanskar i høve rusmiddel?

## Andre opplysningar

Har de kontakt med andre tenester?

- Helsestasjon, PPT, psykologtenesta, anna?
- Spør om kontakt med barneverntenesta
- Ved utanlandsk bakgrunn: still spørsmål om oppfølging frå helsestasjon / fastlækjar, tuberkulosekontroll, vaksinasjonsprogram.
- Økonomi: Barnehagen har som føresetnad at barnet har med ekstra klede, bleier, regntøy etc. Er det vanskeleg å innfri barnhagen sine forventningar til utstyr?

## Forventningar til barnehagen

Kva forventningar har de til barnehagen?

- Kva er de oppteken av at barnet skal få frå oss?
- Er det noko vi bør ha særleg fokus på for å støtta barnet best mogleg i kvardagen og i si utvikling?
- Er det anna enn det vi har vore inne på i denne samtalen som vi i barnehagen bør vita om?

Av og til må vi ta opp ubehagelege ting med foreldre, andre gonger ynskjer vi å gje positive tilbakemeldingar.

- Korleis ynskjer de å få tilbakemeldingar frå oss?  
(Telefon, innkalling til samtale gjennom brev i hylla eller posten, e-post, osb)

## Korleis har de opplevd denne samtalen?

Det er nytt i vår kommune med ein slik oppstart samtale og vi vil derfor gjerne spørja korleis de opplevde samtalen?

- Var det noko vi kunne ha gjort på ein anna måte?

Dersom de kjem på noko i etterkant av denne samtalen, spør gjerne om ny samtale eller send informasjonen til oss pr mail eller brev.

# **Notat/oppfølgingspunkt frå barnehage- og skuleteam**

**Stad:**

**Dato:**

**Tilstades:**

**Ikkje tilstades (skal ha tilsendt notatet):**

- 1     *Gjennomgang av notat frå førre møte og igangsette tiltak***
  
- 2     *Problemstillingar og ulike synspunkt***
  
- 3     *Tiltak, ansvarleg for tiltak og tidsramme***
  
- 4     *Tidspunkt for neste møte***

**Referent:**

Kopi til: bv, PPT og helse